



ÅRSMELDING FRÅ STYRET I HØYDALSMO IDROTTSLAG 2012.

Styrets samansetning:

Leiar : Sverre Bakke
 Nestleiar : Rune Djuve
 Kasserar : Gunn Wennersteen
 Styremedlem : Ågot Jordstøyl
 Leiar fotball : Olav Aalandslid / Anne Berit Kilen/Reidun Lofthus
 Leiar ski : Ketil Kvaale
 Leiar Trim : Tarjei Haugo Torgersen
 Leiar kjøkkenkom.: Margareth Grønlid
 Leiar driftsgruppe: Sigbjørn Teigland Hansen

Styret har hatt 5 møte og handsama 53 saker.

Medlemstal og kontingentar:

Det er nå 263 betalande medlemmar. Det er ein nedgang på 9 frå 2011. Det har vore ein del fråfall både i fotball og ski, der heile familiar har falle ut. Her har vi ein jobb å gjera . Det går litt i bølgedalar og mogeleg er ein del tilbake i 2013. Fotball og ski må syte for at deltakarar innan for desse områda også har medlemskontingenten i orden.

Laget har eit godt system på medlemsregisteret og innkrevjing av kontingent. Kontingenten i 2012 var kr 400 for familiar, kr 200 for vaksne medlemmar over 19 år og kr 100 for born.

Vi bør ha eit mål om å runde 300 medlemmer. Inntekter medlemskontingent er kr 33.330,-

Antall registrert (medlemstall/aktivitetstall)

Kjønn	Kvinner					Menn					Totaler
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	
Medlemmer	3	16	19	11	76	2	15	27	12	82	263

For HIL medlemmer har laget ei avtale med Sport 1 i Åmot. Her får medlemmene 20 % på butikkpris på ski og fotball og 10 % på alle andre varer.

I tillegg vart vi invitert til ein VIP-kveld i Åmot med 30 % på ein del varer. Dette var i november/ desember. Ikkje veldig mange nytta seg av det.

Organisering av laget:

Styret jobba med å gå gjennom organiseringa av laget. Det er viktig både for arbeidet gjennom året, og rekruttering til ulike funksjonar i laget.

Vi trur at rimeleg klåre og avgrensa arbeidsoppgåver rekrutterar lettare tillitsvalde i ulike posisjonar.

Interesse for ulike idrettar vil gjennom år og vera avgjerande for korleis vi organiserer oss framover.

Den nye organisasjonsmodellen som vart vedteken på årsmøte i 2012 har no virka i 1 år. Styret er godt nøgd. Driftsgruppa fungerer slik ein hadde tenkt og avlastar skigruppa med mange oppgåver.

Orientering har funne sin plass i Trimgruppa. Viser elles til årsmelding frå desse gruppene.

Laget vedtok også nye vedtekter i tråd med norm frå NIF på årsmøte i 2012.

Økonomi:

Rekneskapet syner eit underskot på kr -16.208. (justera for sponsoravtalene til utøvarane).Budsjettet var på kr 0,- .

I dette ligg det utgifter til Ijos m.m som ikkje var føresett.

Vi har kr 216.664 i lån som er finansiering av den nye løypemaskina.

Viser elles til rekneskapen.

Sponsorarbeidet er viktig for laget sin økonomi. Her har Rune Djuve gjort ein flott jobb i mange år og så også i 2012. Vi har mellom anna inngått avtale med Seljord Sparebank som no er vår bank.

I tillegg har vi inntekter frå Grasrotandelen kr 47.252, COC og Dyrskuen.

Det er styre si vurdering at økonomien til laget er sunn og under god kontroll.

Stønad til topputøvarar:

Ordninga med stønad til topputøvarar vart innført i 2006. Reglane for dette vart gjennomgått i 2009. Denne ordninga vert annonsert kvart år, med søknadsfrist 1. oktober.

Denne ordninga gjeld utøvarar, 17 år og eldre, som driv idrett på eit nivå over gjennomsnittet .

Kriteriet for å få stønad ut over alder er:

a. Utøvarar må:

- *Ha delteke i fleire konkurranser siste året i den greina ein søker*
- *Vist resultatmessig framgang og treningsiver.*
- *Dette må dokumenterast i søknaden.*

Det er viktig for oss å få fram at dei som ikkje når opp, får laget sin vanlege støtte, som også er bra.

I år var det 8 (6 i 2011) som søkte. Av desse var det 8 som fekk. Ingen fekk avslag.

Vår støtte var på kr 55.500,-.

Vi trur dette er ei god ordning til dei, frå laget vårt, som satsar og framleis vel å gå for Høydalsmo IL.

Dette er ikkje netto utgift for laget. Dei beste løparane har sponsorinntekter som gjer at laget får inn pengar. Dette er spesielle reglar som vi ikkje går inn på i årsmeldinga, men som kan orienterast om på årsmøte, dersom det er ynskjeleg.

COC.

Vi arrangerte også i 2012 COC i kombinert. . Det var vellukka på alle måtar.

Leiaren i laget var på anleggseminaret til NSF og mottok kr 5.000 i premie for beste COC arrangør i kombinert.

Økonomien i dette arrangementet er heilt avhengig av at laget framleis får god støtte frå Telemark Fylkeskommune og Tokke kommune.

Anlegg:

Det var ein stor dag for HIL då vi i april 2012 kunne taka imot den nye løypemaskina vår til kr 1.5 mill.

Vi vil rette ein takk til alle som har støtta oss økonomisk.

Tokke kommune, DNB gåvefondet i Telemark og Vest- Telemark Kraftlag.

Tusen Takk !

Dei to gamle maskinene vart selt.

Bautaen over løypemøte:

Styret har vedteke å flytte denne frå haugen ved nigard Ofte til ein delvis ferdig laga plass ved den gamle bussplassen midt i sentrum. Dette trur vi er rett i høve til adkomsten til denne viktige, historiske hendinga i Høydalsmo.

Huka:

Huka BA fekk ny leiar , Geir Haugan frå Langelim. Geir har teke tak i mange ting i Huka. Han jobbar med å laga eit system for drift av Huka som ikkje er så sårbart som det har vore til no. Dette er likevel eit langt lerefte å bleike.

Snoproduksjonen i Huka fungerer no godt, men det er krevjande og kostbart å drifte. Arbeidet skjer på natta med kuldegrader og lite vind- helst ingen. Det vart beslutta i haust at ein ikkje makta å snolegge løyper . Det var mangel på system, menneskelege ressursar og pengar til straum. Bakken vart snolagt fordi FIS kravde det i bakken.

Det er framleis ei stor utfordring å få drifta av Huka opp å gå, med pengar og menneskelege ressursar som kan drifte bakken og taka vedlikehaldet som kjem etter kvart.

Ny samvirkelov gjore at Huka BA måtte omorganiseras til Huka SA innan 2013. Dette er gjennomført.

Huka treng fleire aktive løparar og ildsjeler. Vi må få med fleire aktørar med for å drifte Huka.

Dette er store utfordringar som styret jobbar tett med Huka SA om.

Vi har som mål å taka ein runde i Vest- Telemark for å samle støtte til Huka som det eine felles hoppanlegget i Vest. Vi vil jobbe mot Vest-Telemark rådet, kommunane og idrettslaga. Vi har eigentleg litt brått om, men ting tek tid. Vi har ikkje kome nokon veg på dette sidan siste årsmøte.

Idrettsrådet:

Leiaren har vore på 1 møte her. Ein kom med instilling til sponsormidlar til idrettsutøvarar. Alle var frå HIL og kr 60.000 gjekk til våre utøvarar.

Idrettsaktivitet:

Dette året har vore eit stort sportsleg år for HIL.

Fyrst at **Magnus Krog** som er på elitelaget i kombinert og kom på 2. plass i det fyrste rennet i WC i Kussamo .

Vidare har vi hatt **Aanund Lid Byggland, Eivind R Kvaale og Torgeir Lid Byggland** som har gjort flotte prestasjonar. Viser til årsmelding til skigruppa.

I **fotballen** har vi bredda. Vi har ein deltakarprosent på 85 % på spelarar frå 8 - 16 år. I aldersgruppa 8-12 er deltakarprosenten 95 %. Det er velddig bra jobba .

Utfordringa vår framover innanfor alle idrettar er rekruttering i alderen 12 -16 år.

Vi har og andre som representerer laget ut i verden. **Ottar Olav Lid** er smørar på internasjonalt nivå og **Jarle Solbu** er FIS- domar i hopp.

Det er veldig flott å ha slike representantar for HIL ute i verden!

Styret vil tilslutt takke alle aktive, løparar, trenarar og medlemmer for godt arbeid i året som har gått!!


Høydalsmo 10. april 2013



Sverre Bakke
leiar



Rune Djuve
nestleiar



Gunn Wennersteen
kasserar



Aagot Jordstøl
styremedlem



Reidun Lofthus
leiar fotball



Ketil Kvaale
leiar ski



Tarjei Halvåg Torgersen
leiar trim



Margareth Grønli
leiar kjøkkengruppe



Sigbjørn Teigland Hansen
leiar drift



Høydalsmo IL Skigruppa

Årsmelding for 2012

Gruppas samansetning (etter årsmøtet) :

Ketil Kvaale (leiar), Mikkel Vadder (nestleiar), Ottar Olav Lid, Olav Rosland, Tor Anders Solberg, Gunnar Ofte og Astrid Austjore.

Gruppa har hatt 3 møter og elles halde kontakten pr tlf.

Arrangement:

Me har hatt 6 karusellrenn langrenn med frå 40 til 60 deltakarar.

I Huka har det vore 4 Telenorkarusell-renn med god deltaking frå mange klubbar.

20.-22.01. COC kombinert

25.02. Kretsrenn langrenn, fristil

03.03. Vest-Telemark Karusell. Finale med stafett.

25.03. TV-Cup Finale, fristil

KM hopp i romjoli 2012 vart avlyst pga havari på preppemaskin.

Høydalsmolåmi vart ikkje arrangert pga snomangel (2.år på rad).

Fellestreningar:

Langrenn hadde barmarkstrening frå september og til snøen kom i slutten av november.

Deretter trening på snø. Kvar tysdag og torsdag for dei eldste og kvar tysdag for dei yngste.

Mikkel og Ottar Olav hadde ansvaret for dei eldste. Gunnar hadde ansvaret for dei yngste på tysdagane, med god hjelp av Sigbjørn og Laila. På onsdagane har dei under skulealder hatt eit tilbod med ymse aktivitetar. Astrid har hatt ansvaret for dette med god hjelp frå Mona. Venke Haugen har hatt ansvaret for eit treningsopplegg innandørs for jenter frå 14 til 23 år.

Skiboka

Sjå Trimgruppas årsmelding.

Anlegg:

Sjå Driftsgruppas årsmelding.

Sportslege resultat:

Laget har ivrige utøvarar og mange gode resultat er oppnådd. Her er nokre av resultatata (15 år og eldre):

Magnus (25)

Etter WC-seier i Kuusamo 25.11.11 datt han og knekte kragebeinet under WC-kvalifisering i Seefeld 6.1. Tilbake alt i Lieberec 25.2. Vart nr 21 i WC samanlagt i sesongen 11/12.

Nr 2 i Kuusamo og nr 9 i Lillehammer før jol 2012.

Ånund (22)

Mange gode resultat i sprint: Nr 3 i Scandinavisk Cup på Nes, Nr 9 og 11 i FIS-renn (Gålå og Granåsen), Nr 36 i WC sprint i Drammen.

Birkebeinerrennet: Nr 23

Anders (19)

NC, klasse B:: nr 1 og 2* nr 2. Nr 1 samanlagt.

NM , Nr 5 og 7 i eldre junior.

Arne (19)

Sjuk i vårsesongen. I trening frå mai. Nr 72 (av 140) på VM-mønstring i desember.

Eivind (18)

NC: nr 2 og 3 (fristil), nr 10 (klassisk). Nr 7 samanlagt.

NM: nr 8 i NM, frisstil og klassisk (3.beste etappetid på stafetten).

KM: sylv i sprint

Skarverennet: nr 5 (46 av alle). Hovdenrennet: nr 1 (klassisk)

Sigrid (18)

NM: nr 48 i skøyting.

KM: 2* Gull (sprint og normal, skøyting), sylv i klassisk. Vann tv-cup

Torgeir (16)

HL: Nr 6 (sprint)

KM: Gull i sprint

Konnerud: nr 1

Oslo skifestival: nr 4

Stian (16)

HL: nr 48 i sprint.

KM: nr 6 (fri) , nr 7 (klassisk)

Nr 8 på Konnerud

Halvor (15)

KM: Nr 6 (fri), nr 10 (klassisk)

TV-cup finale: Nr 5 (fri)

TV-cup Svarstad: Nr 5 (fri)

Representasjonsoppgåver**Björg Åse Byggland**

Styremedlem i Skikretsen..

Ottar Olav Lid

Smørar for Skiforbundet på WC og COC i kombinert. For kretsen på NM junior i Oslo.

Gjer også ein stor jobb for klubbens løparar.

Jarle Solbu

Hoppdommar med internasjonale oppgåver. I 2012 WC kombinert i Holmenkollen, WC hopp i Willingen, Storbakke NM og prøve-OL i Sotsji.

For sesongen 2012/2013 vurdert til beste WC-dommar av vurderingskomiteen (for 2.gong).

Det er positivt (og viktig) at laget også ”viser seg fram” på slike ”arenaer”!

Til slutt ein takk til alle som har vore med ”å drege lasset” for skiaktiviteten i løpet av vinteren.

For Skigruppa.
Ketil Kvaale



ÅRSMELDING 2012 FRÅ FOTBALLGRUPPA

STYRET

Styret var:

Anne Berit Kilen (leiar), Nils T. Erikstad, Bjørn Olav Kaldråstøyl og Reidun Lofthus

Grunna sjukdom måtte dessverre Anne Berit trekke seg frå vervet sitt. Nils trekte seg også då det blei vanskeleg med pendlararbeidet.

Bjørn Olav og eg blei einige om at me fordelte oppgåvene slik:

Reidun – papirarbeid

Bjørn Olav – praktisk arbeid

Trur det har fungert sånn nokolunde.

PÅMELDE LAG I SESONGEN 2012

Jenter 8 år

Mona Kaldråstøyl trenar og lagleiar

Gutar 10 år

Sten Rune Sannerholt trenar

Mette Lillegård lagleiar

Gutar 12 år

Bjørn Tore Mandt/Roger Lofthus trenar

Nils T. Erikstad lagleiar

Jenter 14 år

Sverre Bakke trenar

Eva Aamot lagleiar

Gutar 14 år

Kjell Arne Neverdalen trenar

Reidun Lofthus lagleiar

Gutar 16 år

Karel Krog trenar

Mikkel Vadder lagleiar

GJENNOMFØRING AV SESONGEN

For dei fleste laga gjekk sesongen bra med veldig godt oppmøte både på treningar og kampar.

Jenter 8 år hadde til og med med seg yngre spelarar på treningane då interessa var så stor.

Gutar 10 år starta treningane inne i Høydalsmo. Ikkje berre med fotball, men meir som ein idrettskule med forskjellige aktivitetar. Også bading i bassenget. Laget hadde så mange spelarar at dei stilte med 2 lag i serien.

For gutar 12 år var det problem med oppmøte og manglande motivasjon. Laget blei trekt etter berre 4 – 5 kampar. Dei største på laget fekk tilbod om å vere med 14-års laget. Berre ein spelar takka ja til dette.

Jenter 14 år deltok på Norway Cup. Sjølv om det berre blei tap hadde jentene kosa seg.

Gutar 14 år hadde tinga treningstid i Tokkehallen 1 gong i veka frå januar - mai. Her var også spelarar frå gutar 16 år med.

Gutar 16 år melde me på berre for vårsesongen då me viste fleire av spelarane flytte på hybel på hausten. Dei hadde problem med at både trenar og lagleiar arbeidde borte og var veldig travle. Men dei gjennomførte vårsesongen.

DELTAKING PÅ CUPAR

Jenter 8 år og gutar 10 år deltok på Vinjecup.

Gutar 14 år deltok på vårcup i Kviteseid og Vest-Telemark cupen i Seljord

Jenter 14 år deltok på Vest-Telemark cupen i Seljord

ANDRE AKTIVITETAR

- Fotballskulen i Vrådal

Kvart år har det vore stor deltaking frå Høydalsmo IL. I fjor kunne me sjå ein nokså stor nedgang i deltakinga. Etter samtaler med foreldre ser det ut til at mange har vanskar med å få ungane ned til Vrådal kvar dag i ei heil veke.

Me har difor i år tenkt å leige inn ein minibuss som skal kjøre dagleg. Det blir ein liten eigenandel. Fotballgruppa håpar dette gjer til at fleire melder seg på.

Dette er ein fin aktivitet både fysisk og sosialt. Det er ingen tvil om at ungane lærer mykje fotball denne veka.

- Vår eigen Vest-Telemark Cup

Cupen blei arrangert for 30. gong i august, og me hadde ei lita jubileumsmarkering med ekstra gevinstar til spelarane.

8 gutelag og 9 jentelag frå heile Vest-Telemark var påmelde.

Me har også fått inn faste sponsoravtaler som gjev oss eit godt overskot på arrangementet.

- Trening med Odd Grenland

I september inviterte fotballgruppa I Åmdal/Tokke spelarar frå Høydalsmo IL til å vere med på eit arrangement i regi av Odd Grenland.

Odd skriv på si heimeside at hensikten med turen var å gje barn og unge i dei lokale klubbane høve til å bli betre kjent med klubben og deira spelarar og trenarar.

Programmet for opphaldet var to delt, fyrst blei alle aktive delt inn i grupper for så å ha ei treningsøkt med A-lags spelarane. Dette ble overvaka av Dag-Eilev Fagermo som speida feltet etter nye talent i frå Telemark

Dette blei gjort i samarbeid med Høydalsmo skule, då dette tok store delar av skuledagen.

Fotballgruppa er veldig takksame for at spelarane fekk fri denne dagen.

Veldig mange av spelarane var med og hadde ein kjempedag saman med Odd Grenland sine A-lags spelarar.

- Dugnad for Coop Marknad Høydalsmo

Jenter og gutar 14 år deltok på vareoppteljing.

- Fotballavslutning

Også i år hadde me felles avslutning for alle laga våre i september. Dette har me gjort til ein familiedag med fotballturnering med blanda lag og grilling for heile familien.

Etter at me gjorde om fotballavslutninga til dette har det vore bort i mot 100 % deltaking.

KRETSLAG

Fotballgruppa kan stolt melde at Inger Vadder Sandland er med på kretsaget for Telemark. Ho har gjennom vinteren vore til Grenland ein gong i veka på trening.

Frå februar i 2013 har Inger trena med dei største gutane i Tokkehallen sidan treningane for J14 laget kolliderer med Inger sine kretstreningar.

UTSTYR

Utanom vanleg forbruksvarer blei det i 2012 kjøpt inn nytt utstyr for merking av banen, då målinga me har nytta til nå har auka veldig i pris dei siste åra. Me betalar

nå kr 2000,- for 12 boksar måling + frakt. Me brukar ca 4 boksar for å merke heile banen ein gong.

Det nye utstyret var ikkje veldig vellukka. Målinga forsvinn veldig fort og det ser ut til at graset ikkje toler den heller.

Me har i år henta inn tilbod på nytt utstyr. Bjørn Olav har kontrollsjekka med klubbar som nyttar det sama utstyret og me får veldig gode tilbakemeldingar. Merkemaskina kostar litt, men me vil berre bruke ca kr 2.000,- pr sesong i banemåling.

Innkjøp av dette blir sett opp på budsjettet.

17 gutar melde frå om at dei ville vere med på G16 laget i sesongen 2013.

Fotballgruppa var då einige om at me ville melde på eit 11èr lag. Då me fekk tilbod av Vinje IL om å kjøp deira gamle fotballmål billig, slo me til.

Det viste seg dessverre at fleire av gutane trekte seg, og det blei berre eit 7èr lag. Men då har me i alle fall 11èr mål dersom det blir aktuelt seinare.

YMSE

Tal frå Telemark Fotballkrets visar at Høydalsmo IL har ein deltakarprosent på rundt 85 når ein reknar spelarar frå 8 – 16 år. I aldersgruppa 8 – 12 år er deltakarprosenten heile 95. Dette legg oss nesten på topp i Telemark. Slik har det vore i mange år nå.

Fotballgruppa er og den gruppa i Høydalsmo IL som har flest aktive utøvarar. Talet for 2012 er 69 spelarar fordelt i alderen 8 – 16 år.

Dette er me kjempestolte av og me meiner at dette visar at noko må me gjere rett i fotballgruppa.

Men det me slit med er å skaffe trenarar og også lagleiarar for kvar sesong. Det blir veldig mykje ringing og overtaling for å få kabalen til å gå opp.

Me ser spesielt at fleire av dei yngre foreldra ikkje ynskjer å engasjere seg. Nokon direkte årsak til dette veit me ikkje, men me håpar trenden vil snu seg.

Fotballgruppa prøvar så godt me kan å ufarleggjere arbeidet som må leggest ned i løpet av ein sesong og støtte dei som er nye i verva.

Eg vil takke alle trenar og lagleiar for arbeidet i 2012, og ser fram til ein ny sesong i 2013.

Reidun Lofthus
Fung. Leiar fotballgruppa
Høydalsmo IL

ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA HIL 2012

Styret:

Leiar: Tarjei Haugo Torgersen

Nestleiar: Geir Brubakk

O-gruppa: Asbjørn Byggland

Trimansvarleg: Margit Nordstoga

Friidret: Laila Veslestaul

Trimbøkane

Trimgruppa har som mål å aktivisere alle, både unge og gamle, spreke og gørr spreke.

I 2012 hadde me som tidlegare bøkar på Hægås, Ofte-fjell, Eirefjell, "Oftevatn", Storkos og Lauvhovden.

Kvar tur gjev poeng avhengig av kor krevjande turen er.

Nytt i 2012 var at boka på Storkos vert hengjande heile året som ei vanleg trimbok.

Det var som vanleg veldig mange som gjekk til bøkane.

Bøkane har ført til at mange har fått eit sunnare og betre liv. Dei får frisk luft, og dei treffer andre bygdefolk når dei er ute og trimmar.

Ein treng ikkje noko djupare forskning for å kunne vita dette.

Fellestur

I 2012 vart TA-trimmen kano/båttur på Oftevatn. Me hadde samlingsplass ved dammen, der me hadde natursti og premieutdeling. Det var stor deltaking på ein artig og ny variant av TA-trimmen.

Det var som vanleg mykje premiar, og båtane gjekk djupt i vatnet på turen heimatt!

Trimkveldar

Tysdagane har det vore herretrim, og då særleg ishockey på vinterstid.

På våren og utover sumaren spela me fotball. Her har både unge og gamle karar vore med.

Tysdag og torsdag har damene hatt trim, i hovedsak aerobic med Gro Elin Vold som instruktør.

Det er enorm deltaking på desse kveldane, og damene er omtrent ikkje til å kjenne att etter all hoppinga og dansinga!

Idrettsmerke

Det var to kveldar med idrettsmerke, og det var 7 born og 4 ungdomar som klara merka.

Vest-Telemark Karusellen

Trimgruppa stilte som vanleg med arena og mannskap for Vest-Telemark Karusellen; 3000- og 5000 meter baneløp 25 august.

Orientering

Orientering vart lagt inn under trimgruppa på årsmøtet for HIL 2012.

Det har ikkje vore noko stor aktivitet dette året. Totalt har det vore fem løparar som har representert HIL på løp i år. Ein av desse løparane var under 20 år.

Det har ikkje blitt arrangert løp eller treningsløp i regi av HIL.

Tur - orientering har blitt arrangert. Dette har vore ein skikkeleg suksess. Totalt vart det seld 76 deltakarkonvoluttar, noko som er på høgde med fleire av dei store

klubbane i fylket. Det var 44 som fullførde. Nytt dette året var at nokre av postane

var sykkelpostar. Dette vart motteke på ein god måte.

Det har vore snakk om at HIL kanskje skal arrangere eit løp i Sørlandsgaloppen 2015

i samband med Junior VM som skal gå på Rauland. Det fyrste løpet i Sørlandsgaloppen

nokon gong vart arrangert av HIL i 1965. Det er difor og 50 år sidan. Dersom HIL skal gjere dette må Dauvi - kartet reviderast på nytt. Det er ikkje kome nokon offisiell henvending frå arrangørkomiteen enno.

Friidrett

På Skuggenatten opp stilte Høydalsmo med 3 utøverar i 2012.

Eivind R Kvaale vann klasse 18-19 år, Eira H. Sandvik vart nr 4 og Stian Y. Ofte vart nr 6.

I Tveitegrenda Opp vann Eivind si klasse og Eira var raskaste jente.

ÅRSMELDING FOR DRIFTSGRUPPA 2012

Medlemmene av driftsgruppa er:

Sigbjørn Hansen	Leiar
Tarjei Torgersen	Nestleiar
Oddbjørn Tellefsen	Maskinansvarleg
Olav Ståland	Byggmeister

Driftsgruppa

Driftsgruppa vart skipa våren 2012 og har fått ansvar for løypenettet, løypekøyning, maskinpark og driftsbygningane til HIL.

Maskinpark

Det blei bestemt i eit styremøte i HIL vinteren 2012 at det skulle investerast i ei ny løypemaskin ettersom den gamle var ein del problem med. Så sein vinters 2012 fekk me ei ny Piston bully løypemaskin, kostnad ca. 1.500.000,-. Den gamle løypemaskina blei solgt til idrettslaget på Dalen for 100.000,-. Denne blei frakta ned som bred last seint ein laurdagskveld då det er lite trafikk på denne strekninga.

Den gamle Ockelbo 8000 var og på tide å få bytta ut, så den blei solgt til Sverre Kleppo i Eidsborg. Me fekk klarsignal til å hente ein Lynx 5900 scooter som sto i huka då denne hadde skore seg og ikkje kom til å bli stelt. På Lynx`en bora me opp sylindrane og montera nye stempel til ein kostnad av ca. 7000,- dette for å få scooteren i stand.

Totale dugnadsinnsats på maskinparken er ca. 100 timar utan løypekøyning.

Ljos i 2 km

Hausten 2012 blei det rydda langs med løypetraseen og satt opp stolpar til nytt ljøs anlegg i 2 km. Det blei hengt opp EX 3 x 50 til straumforsyning og montera nye led-armatur på stolpane. Led-armatura er på 35w. Me var svært spente på om det blei nok ljøs med 35w per punkt men det har vist seg å bli veldig bra. Det gjekk med ca. 350 dugnadstimar til denne jobben.

Rydding av Skinanløypa

Rydding av denne traseen var heilt nødvendig for at me skulle kunne bruke den nye løypemaskina til Skinan. Det blei og gjort nokre forandringar på traseen for og sleppe å køyre over nokre vatn og me fekk laga ei 8 tals sløyfe på heii som har vist seg å vera reine genistreken. Til ryddinga fekk me i gang Høydalsmos spreke pensjonistar til å ta i eit tak og dei utførte ein imponerande rydde jobb av Skinanløypa. Me fekk og hyra inn Høydalsmos beste maskinkøyrar til å belte

ei gravemaskin langt til skogs for å fylle og planere til ei fjellskjering som me ikkje kom gjennom med den nye løypemaskina.
Her gjekk det med ca. 500 dugnadstimar.

Bygningar

Speaker bua har blitt renovert med nytt golv og veggar. Det blei fora ut og opp med 5cm lekter og isolera. Kledd med kvitmåla mdf-plater og lagt parkett på golvet, samt fora og lista glas og dør.

Jon Ljosdal gjekk over lydanlegget. Montera fast nokre høgtalarar og kopla det opp på best mogleg måte.

Her gjekk det med ca. 80 dugnadstimar

Løyper

I sumar blei det grøfta og lagt ned rør ved utgangen av skistadion. Her har det vore problem med oppbløyting av snoen sein vinters.

Driftsgruppa takkar alle som har bidrege med det flotte dugnadsarbeidet.

For driftsgruppa
Sigbjørn T Hansen

ÅRSMELDING
FOR KJØKENGRUPPA
HIL 2012

Desse har vore med i kjøkegruppa:

Margareth Grønlid og Ellen Ofte Jakobsen har dela på leiaransvaret. Dei andre har vore Randi Skarprud, Kirsten Austjore, Maija Jomafjell, Anne Jupskås, Olav Bjørn Bakken, Ingebjørg Ofte og Tove Kvaale.

Ved større arrangement har me hatt med mange fleire til å baka eller hjelpe til med sal/servering.

Arrangement me har vore med på:

15. januar: Hopprenn, Huka; matsal (arrangør: Oddersjaa SSK)

20.– 22. januar: COC 2012, kombinert;

Lunsj-severing på samfunnshuset, matpakker til mannskapet i Huka, matsal i Huka.

25. februar: KM, langrenn; matsal

3. mars: Vest-Telemark Karusell, langrenn; matsal

25. mars: Vestfold/Telemark Cup, langrenn; matsal

17. april: Årsmøte i HIL; servering

18. april: Skiavslutning og feiring av Magnus Krog som Årets Utøvar i Telemark; servering

19. august: Vest-Telemark Cup, fotball; matsal

23. september: Fotballavslutning; grilling og kaffe & kaker

Stor takk til alle som har hjelpt til

i kjøkegruppa

Margareth Grønlid – leiar
Ellen Ofte Jakobsen – skrivar

Årsrekneskap for 2012

RESULTATOVE RSIKT	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER		
Medlemskontingentar	33330	29552
Sponsorar - inkl. utøvarane	486900	381600
COC-renna	459104	465710
Kiosksalg	34720	13630
Dugnad, Dyrsku'n m.v.	33880	155547
Offentlege tilskot	175314	126964
Grasrotandelen	47252	38453
Kompensasjon- MVA	31967	32390
Gåver	55500	28000
Startkontingent egne stevne	40045	11550
Andre driftsinnt.-frie	66690	29574
Innt.- parkering	0	0
Sum driftsinntekter	1464702	1312970
Kostnader – gruppene		
Styret - inkl. utøvarane	475603	285410
COC – renna	376266	377171
Skigruppa	107059	95092
Fotballgruppa	134613	64914
Anleggsgruppa	187511	186967
Orientering	1792	7945
Trimgruppa	11527	21594
Utøvarstøtte	55500	34000
SUM driftskostnader	1349871	1073093
Driftsresultat	114831	239877
Finansresultat	-11789	-26991
ÅRETS RESULTAT	103042	212886
Utøvarresultat	119250	130142
Korrigera årsresultat	-16208	82744

HØYDALSMO I.L.
10.04.2013

BUDSJETT 2013 !	2013	2012 Resultat
DRIFTSINNTEKTER		
Medlemskontingentar	45000	33330
Sponsorar - inkl. utøvarane	476000	486900
COC	460000	459104
Kiosksalg	35000	34720
Dugnad, Dyrsku'n m.v.	35000	33880
Offentlege tilskot	160000	175314
Grasrotandelen	47500	47252
Kompensasjon- MVA	42500	31967
Gåver	55000	55500
Startkontingent egne stevne	40000	40045
Andre driftsinntekter	32000	66690
Innt.- parkering	0	0
Sum driftsinntekter	1428000	1464702
Kostnader - gruppene		
Styret - inkl. utøvarane	455000	475603
COC - renna	315000	376266
Skigruppa	115000	107059
Fotballgruppa	98000	134613
Anleggsgruppa	175000	187511
Trim- og O-gruppa	25000	13319
Utøvarstøtte	55000	55500
SUM driftskostnader	1238000	1349871
Driftsresultat	190000	114831
Finansresultat	-12500	-11789
ÅRETS RESULTAT	177500	103042
Utøvarresultat	112500	119250

Korrigerer årsresultat

65000

-16208

Dato fra - til: -
 Regnskapsår 2012
 Periode: 1 - 7

Balansesammendrag

For
 Høydalsmo Idrottslag

Sidenr: 1

2012

2011

EIENDELER**Anleggsmidler****Varige driftsmidler**

Tomter, bygninger og annen fast eiendom

333 568

333 568

Maskiner og anlegg

658 688

278 898

Finansielle anleggsmidler

Investeringer i aksjer og andeler

42 500

42 500

Sum anleggsmidler**1 034 756****654 966****Omløpsmidler****Fordringer**

Kundefordringer

88 084

62 500

Andre fordringer

127 649

27 428

Investeringer

Andre finansielle instrumenter

5 000

5 000

Bankinnskudd, kontanter og lignende

Bankinnskudd, kontanter o.l.

654 975

771 952

Sum omløpsmidler**875 709****866 879****Sum eiendeler****1 910 465****1 521 845**

EGENKAPITAL OG GJELD**EGENKAPITAL****Opptjent egenkapital**

Annen egenkapital

986 145 773 259

Sum egenkapital**986 145 773 259****GJELD****Annen langsiktig gjeld**

Øvrig langsiktig gjeld

216 664 42 229

Sum langsiktig gjeld**216 664 42 229****Kortsiktig gjeld**

Leverandørgjeld

122 546 58 349

Skyldige offentlige avgifter

20 938 85 674

Annen kortsiktig gjeld

461 130 349 448

Sum kortsiktig gjeld**604 615 493 471**

Beregnet resultat

103 041 212 886**Sum gjeld og egenkapital****1 910 465 1 521 845**

SYS

Høydalsmo Idrottslag (HIL)

19.04.13

Rekneskapen er revidert og godkjent utan merknader.

Høydalsmo Idrottslag

Valkomiteen sitt framlegg til årsmøte 2013 til tillitsvalde i idrottslaget:

STYRET:

Leiar:	Karel Krog	Ny for 1 år
Nestleiar:	Rune Djuve	Attval for 2 år
Kasserar:	Gunn Elin Wennersteen	Attval for 2 år
Styremedlem:	Ågot Jordstøyl	Ikkje på val (1 år att)
1. varamedlem:	Gunnar Ofte	Attval for 2 år
2. varamedlem:	Olav Rosland	Attval for 2 år
Gruppeleiarane:	5 personar	

SKIGRUPPA:

Leiar:	Ketil Kvaale	Ikkje på val (1 år att)
Nestleiar:	Mikkel Vadder	Attval for 2 år
Medlemar:	Gunnar Ofte	Ikkje på val (1 år att)
	Ottar Olav Lid	Ikkje på val (1 år att)
	Olav Rosland	Attval for 2 år
	Tor Anders Solberg	Attval for 2 år
	Astrid Austjore	Ikkje på val (1 år att)

KJØKENNEMD:

Leiar:	Margaret Grønlid	Attval for 2 år
Nestleiar:	Ellen Ofte Jacobsen	Attval for 2 år
Medlemar:	Sigrid Nygård	Vald for 2 år
	Anne Jupskås	Attval for 2 år
	Ingebjørg Ofte	Attval for 2 år
	Kirsten Austjore	Ikkje på val (1 år att)
	Maja Jomafjell	Ikkje på val (1 år att)
	Gunnvor Byggland	Ikkje på val (1 år att) (kakebaking)
	Randi Skarprud	Ikkje på val (1 år att)
	Olav Bjørn Bakken	Ikkje på val (1 år att)

FOTBALLGRUPPA:

Medlemar:	Tone Berit Moen Lofthus	Vald for 2 år
	Bjørn Olav Kaldråstøyl	Ikkje på val (1 år att)
	Reidun Lofthus	Attval for 2 år
	Sten Rune Sannerholt	Vald for 2 år

Me har heller ikkje i år lykkast med å finne leiar, så gruppa må difor konstituere seg sjølve.

TRIMGRUPPA:

Leiar:	Tarjei Torgersen	Ikkje på val (1 år att)
Nestleiar:	Gunnar A. Sandvik	Vald for 2 år

Trimaktivitetar:	Margit Nordstoga	Ikkje på val (1 år att)
Friidrett:	Laila Veslestaul	Attval for 2 år
Orientering:	Asbjørn Byggland	Ikkje på val (1 år att)

DRIFT:

Leiar:	Sigbjørn T. Hansen	Ikkje på val (1 år att)
Nestleiar:	Tarjei Torgersen	Ikkje på val (1 år att)
Medlemar:	Olav Ståland	Ikkje på val (1 år att)
	Oddbjørn Tellefsen	Ikkje på val (1 år att)

REVISORAR:

	Olav L. Tveito	Attval for 2 år
	Heidi S. Bleikelia	Ikkje på val (1 år att)

VALNEMD:

	Astrid Kvaale
	Svein Bakkan

Framlegg frå styret:
Tor Einar Lid

Høydalsmo 16.04.13

Jarle Solbu
Leiar valkomiteen

Alle val vart gjort med akklamasjon.